



# Y's Men International, Region Norge

## Regionsbulletin nr 4, 2009-2010

### **Kjære venner og medarbeidarar.**

#### **Vel møtt til regionskonferanse!!**

De har no fått Y's Magasin nr 2, 2010. Der finn de innkalling til Regionskonferansen i Trondheim 27. til 29. august 2010. Vonar at alle klubbane blir representerte i år slik intensjonen er, ref § 4.6 i lovene våre. Alt ligg til rette for ein inspirerende og flott regionskonferanse. De finn også påmeldingsskjema på [www.ysmen.net](http://www.ysmen.net) og alle klubbar skal ha fått tilsendt påmeldingsskjema og program for ei tid sidan. Regionsstyret har fått inn nokre få saker til behandling. Desse kjem saman med alle papira, utsendingsfrist 20. juni. Regionsprosjekt slik de kan lese om dei i Y's Magasina er noko av det vi skal drøfte. Gler meg til å møte dykk!

#### **Distriktskonferansar.**

Alle distrikta har no hatt distriktskonferansar. Regionsstyret var representert på alle unnateke i Distrikt Vestfold, der oskeskya stoppa RDE Liv Sandven frå å kome. DG Tore Bergseng representerte regionsstyret på ein framifrå måte. Distriktskonferansane er viktige inspirasjonspunkt og gir ei god fellesskapskjensle. Takk til lokale arrangørar for måten de har gjennomført konferansane på. Spesiell takk for måten de har teke imor oss frå regionsstyret. Samlingane er også til stor inspirasjon for oss!

Regionsstyret skal gå gjennom saker frå konferansane på neste styremøte 12. juni.

#### **Innsamling til prosjekt.**

*Takk for alt som er samla inn til støttearbeidet vi gjer sentralt.* Det er gledeleg å sjå at det pr. 30.04 m.a. er samla inn kr 142.300 til TOF (kr150.000), kr 101.500 til Regionsprosjekt (kr120.000) og kr 26.600 til KFUK-KFUM (kr 30.000). Kr 34.300 (kr 117.000) er samla inn til Russland. Tala i parentes er budsjett vedteke på regionskonferansen 2009. Sjølv om det er kome inn ca kr 50.000 (kr 20.000) i kyrkjeofringar, ligg vi godt under budsjett totalt. Dette får først og fremst konsekvensar for prosjekta, der vi betalar ut det som kjem inn. Vi vonar det framleis er klubbar som har pengar å avsjå for å hjelpe til å nå måla. Viktigaste innsatsen veit vi likevel er den lokale!

### **Ny medlemshåndbok**

#### **1. Annonсар**

På distriktskonferansane peika vi på behovet for støtteannonser til den nye Medlemshåndboka. Målsettinga er å gjere boka sjølvfinansierande. Kvar klubb med sin annonse, er ønsket! Annonsekjema finn du på [www.ysmen.net](http://www.ysmen.net) eller kontakt RSD Data, Stein-Owe Haugland, om de har spørsmål.

#### **2. Medlemsliste.**

Hugs at de snarast sender rett medlemsliste til RSD Data, Stein-Owe Haugland. Det skal leverast medlemsrapport pr. 01.06.2010. Eg ber om at de umiddelbart etter 01.juni sender den til

Haugland, [rsd\\_data\\_ymc@yahoo.no](mailto:rsd_data_ymc@yahoo.no) (merk: rsd\_data\_ymc@ ) (adr.s. 9 i MHB). Det er fint om også korrigerede telefonnr og evt e-mailadresser er med.

### **Roll Back Malaria.**

Denne spesielle internasjonale innsatsen vi var med på i 2009, skal halde fram. Vi kjem tilbake til dette, men lokale initiativ og idear er velkomne!

### **Symbolika**

Eg vil minne om Norsk Symbolika. Her finnes meir enn medlemsnåler. I Medlemshåndboka, side 35 og 36, er det ei oversikt som viser kva som kan kjøpast, samt adresse.. Den som er ansvarleg i klubben gjer vel i å skaffe ei oversikt over behov framover. På regoingskonferansen har de høve til å kjøpe, og sparer dermed porto. Norsk Symbolika v. Jostein Hareide tar med glede i mot alle bestillingar også utanom regionskonferansen

### **Jubileer**

Det er sju klubber som har jubileum i Mai og juni: 3. mai: Bugården Y's Mens Club 30 år og Stokka Y's Mens Club 30 år, 10. mai Åsane Y's Mens Club 30 år, 15 mai Trondheim Y's Mens Club 45 år, 23. mai Bodø Y's Mens Club 40 år, 31 mai Lillehammer Y's Mens Club 30 år og 1. juni Voss Y's Mens Club 25 år. Regionsstyret gratulerer klubbane med jubilea og takkar for alt klubbane har ytt lokalt og regionalt gjennom alle desse åra.

Dette er siste regionsbulletinen eg skriv. Eg vil takke alle for eit godt og givande samarbeid. Det har vore svært gildt å møte kvar enkelt av dykk eg har vore så heldig å ha kontakt med. Ei spesiell takk til DG-ar og RSD-ar for godt samarbeid og for den flotte innsatsen som vert gjort.

Dei fleste av medlemene kjenner eg ikkje, men det står stor respekt av den innsatsen eg ser spor av på mange plan. TAKK!

Frå 1.juli er det Liv Sandven som er RD. Eg ønskjer RD Liv og VRD Einar Tesaker Guds rike velsigning i arbeidet, og eg ser fram til å halde fram i regionsstyret eit år til saman med dykk.

Ulsteinvik 11. mai 2010

Svein Rødset  
RD 2009 -2010

